

Retningslinjer for Hytte- rute- og stiutval DNT Sogn og Fjordane

Hovudoppgåver for Hytte- rute og stiutvalet:

- Arbeide for å utvikle samanhengande stinett i Sogn og Fjordane-området
 - (Komme ev. med forslag til merking av nye stiar eller plassering for nye hytter for å gjere stinettverket meir samanhengande (ev. eigne oppfylgingsprosjekt)
- Vere rådgivar for lokallag og andre i planlegging, merking og skilting av stiar
- Organisere nettkurs. T.d. Auke kompetansen i vårt område på bruk av Rett i kartet/Turrutebasen.
- Samarbeide med lokallaga for at DNT Sogn og Fjordane sitt eksisterande hytte- og rutenett vert meir synleg på UT.no
- Samarbeide med aktuelle lokallag om publisering av manglande ruter på UT.no.
 - Arbeide for å oppdatere Planleggingskart for Sør-Norge med tanke på hytter og stiar i SFT sitt område
- Samarbeide med kommunar og lokale turlag om Friluftslivets ferdselsårer
- Bidra i arbeidet for Kyststien i Sogn og Fjordane
- Bidra i arbeidet med allereie etablerte stinett, som t.d. Sognefjordvegen S1.
- Bidra til auka kompetanse på bruer i Sogn og Fjordane
- Bidra til å etablere stiar nær der folk bur (ref 'det skal vere maksimalt 500 m frå bustad til næraste sti')
- Delta i kompetansegruppe for hytteprosjekt. (prosjektering nye hytter, rehabilitering)

Organisering av utvalet:

Hytte- rute- og stiutvalet skal bestå av ein leiar, 2 medlemmer og 1 varamedlem. Utvalsmedlemmene vert vald av DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte. Leiar er vald for 1 år om gangen, medlemmene er vald for 2 år om gangen.

Medlemmer i utvalet bør ha kompetanse i/interesse for feltet.

Utvalet vert innkalla, og bør møte med leiar eller eit av medlemmene på DNT Sogn og Fjordane sine styremøter, fellesmøte og årsmøte.

Utvalet skal ha jamnlege arbeidsmøter ved behov (teams eller fysiske møter)